

Uendra leiing i Indremisjonen

23.01.2010



Fire av dei fem i styret: Jon Harald Kjærland, Aud Isaksen Haugland, Inger Anna Leite og Tormod Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen Indremisjon hadde årsmøte fredag og atvalde dei som var på val: Formann Jon Harald Kjærland, kasserar Aud Isaksen Haugland og styrelem Inger Anna Leite. Nestformann Jan Tvedt og skrivar Tormod Myklebust var ikkje på val.

I fest- og matkomiteen sit Torunn Kjærland, Inger Haugland, Margot Haugland og Sigmund Leite.

Indremisjonen har no 97.399 kroner i banken etter ein auke frå 83.230 kroner for eitt årsidan og rekneskapen viste eit overskot på 14.169 kroner. Det er etter at det er betalt straumutgifter på 25.659 kroner for bedehuset og sendt 11.620 kroner til misjonen. Inntektssida fortalte at den tradisjonelle bedehusbasaren i fjor gav 23.075 kroner og at det kom inn 17.041 kroner i sal og kollektar og 18.761 kroner i gåver.

Styret har no bestemt at det ikkje lenger skal betalast 10 prosent av kollekten frå organisasjonar som bruker bedehuset til ordinær møteverksemd. Dei skal heretter behalda heile kollekten. Denne endringa betyr lite for budsjettet, understreka skrivar Tormod Myklebust då han la fram årsmeldinga.

Av denne gjekk det fram at 2009 var eit år på det jamne, med tradisjonell møteverksemd. Mellom andre Småbarnstreffet og Hobbyklubben hadde god deltaking. I fjor vart det arbeidd med å få til nattverd i forsamlinga og det første møtet leia av Gunnar Kjærland vart halde i oktober. Han har også siste året leia mange møter i bedehuset, til dømes bibeltimar.

Arbeidet med vedlikehald og oppussing av bedehuset går vidare og i 2010 skal det gjennomførast drenering på vest- og sørsida. Når det regnar mykje, siver det inn fukt. Etter dreneringen står oppussing av kjellaren på programmet. Med sikte på dette planlegg dei ein større basar.

Under årsmøtet var det sang og spel ved Camilla Myklebust og andakt ved Torstein Aarthun. Han roste

Uskedalen Indremisjon for å ha eit rikhaldig program for både store og små. Formann Jon Harald Kjærland uttrykte stor glede over at det er så mange ja-menneske.

Av Ola Matti Mathisen